



# Tilskot til kulturminne i Hordaland 2014

## Vern og vøling



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





## 01. Nothengje i Bekkjarvik

---

**Kommune:** Austevoll

**Eigar:** Halstensens Eiendomsselskap,  
Boks 103, 5399 Bekkjarvik

**Kostnad:** 358.000

**Søknadssum:** 107.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Bekkjarvik ligg midt i skipsleia, like nord for for Selbjørnsfjorden. Grunna den sentrale plasseringa og den gode hamna, vart staden tidleg både gjestgjevar og handelsstad. På 1600-talet starta det opp næringsaktivitet i Bekkjarvik. Seinare kom her fiskemottak, sildesalteri og tønneproduksjon. Nothengja vart bygt 1935. Hengja vart nytta til barking og til turking av fiskereiskap. På midten av 1960-talet vart hengja nytta til konsertar, teater og ulike aktivitetar.

### **Tiltak**

Utsifting av tak.

1. Bølgjeblekktaket skal skiftast ut med bølgjeplater av sink – og stållegering som tåler sjøvatn betre.
2. Reparasjon av berande konstruksjonar i tre og stål.
3. Utsifting av vindauge. 10 vindauge m/sprosser.

### **Tilråding**

Bør ha kostnadsoverslag frå handverkarar. Eigar bør sende søknad til Norsk kulturminnefond. Eit godt tiltak sidan nothengja skal vere til bruk for ålmenta, men knapt med midlar.

Tilrår: Avslag



## 02. Trelasten i Kvalvåg

---

**Kommune:** Austevoll

**Eigar:** A/S Kvalvåg, 5398 Stolmen

**Kostnad:** 3.600.000

**Søknadssum:** 1.200.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Kvalvåg på Stolmen er eit fiskarsamfunn som først vart nemnd som handelsstad i 1655. I 1731 fekk eigaren Jens Meyer kongeleg handelsprivilegium.

Fiskeriverksemda gav grunnlag for handelsverksemd i Kvalvåg. Næring knytt til fiskeria vaks fram, og frå midten av 1700-talet til byrjinga av 1900-talet var det stor byggeaktivitet her. Trelastlageret vart bygd på 1800-talet, og samstundes vart det bygd nye kaier på staden.

### **Tiltak**

Det er naudsynt med utbetring av tak, fasade og grunnarbeid. Det må og gjerast arbeid på vindauge. Dette er kostnadsrekna til kr. 600.000, men uvisst om dette gjeld utskifting eller restaurering av vindauga.

### **Tilråding**

Bør ha kostnadsoverslag frå handverkarar og ein meir realistisk finansieringsplan. I søknaden er det sett opp 1,2 mill frå staten, 1,2 mill frå kommunen og 1,2 mill frå HFK. Eigar bør utarbeide ei betre søknad.

Tilrår: Avslag



### 03. Økshamar fyrstasjon

---

**Kommune:** Austevoll

**Eigar:** Terje Prestegård, Grimstadvegen 16, 5252 Søreidgrend

**Kostnad:** 368.955

**Søknadssum:** 350.000

**Tilskot 2009:** 200.000

**Tilråding:** Avslag

---

#### **Kulturminne**

Økshamaren fyrstasjon vart oppretta i 1849 som eit fiskefyr i samband med sesongfisket etter sild. Frå 1852 fungerte det også som eit ledfyr. Det vart nedlagt i 1918. Fyrboligen frå 1861 er bygd i lafta tømmer kledd med ståande panel og tekt med lappheller. Uthuset vart bygd i 1883 og er kledd med ståande panel og tekt med stålplater.

#### **Tiltak**

Nytt tak på uthuset samt nye kistebord , nye takrenner og restaurering av pipa.

#### **Tilråding**

Arbeidet delvis utført. Tidlegare vart det opna for at ein kunne gje statsmidlar til tiltaket fordi hovudbygningen på fyrstasjonen er freda. Dette har blitt innskjerpa dei seinare åra. Sidan uthuset ikkje er omfatta av fredinga er det ikkje lenger mogleg å gje statsmidlar til bygningen.

Tilrår: Avslag



#### 04. Brennevinsbua, Kvalvåg

---

**Kommune:** Austevoll  
**Eigar:** Sigurd Aarland,  
5398 Stolmen

**Kostnad:** 2.068.750  
**Søknadssum:** 1.950.000

**Tilråding:** Avslag

---

#### **Kulturminne**

«Brennevinsbua» var bygt på 1700-talet som grunna eit påbod frå styresmaktene om å skaffe husrom for reisande langs kysten. Under den store byggjeperioden på midten av 1700-talet vart huset nytta til losjihus med overnatting og servering. Byggherre var Jens Hansen Meyer.

#### **Tiltak**

Taket må skiftast. Det er lekk og skadar bygningen. Kledning må skiftast. Nokre vindauge og dørar må skiftast. Eigar vil innreie bygningen, isolere og klargjere bygningen til bustadformål.

#### **Tilråding**

Det vert søkt om oppgradering slik som elektrisk arbeid, vatn avløp, kloakk, isolering, kjøkken, varmepumpe, og varmekablar. Dette er i søknaden sett saman med «vern og vøl» tiltak. Vern og vøl midlar skal primært gå til restaurering og istandsetting.

Tilrår: Avslag

## 05. Kristianhuset, Snekkeviken

---

**Kommune:** Austrheim

**Eigar:** Arne Nordø, Fantoftneset 6,  
5072 Bergen

**Kostnad:** 250.000

**Søknadssum:** 120.000

**Tilråding:** 30.000

---

### **Kulturminne**

Lemstove frå 1700-talet. Opphavleg ein husmannsbustad som er flytta frå Masfjorden til Njøten om lag 1820, og derifrå til Snekkeviken i 1890-åra. Tømra med utvortes panel.

### **Tiltak**

Lekkasje i taket. Tak og skorstein må utbetrast. Utskifting av kledning. Arbeid på skykkje.

### **Tilråding**

Då den originale takkonstruksjonen truleg ikkje vil tåle eit nytt torvtak, må heile takkonstruksjonen skiftast ut for å få dette til. Nytt bølgeblekktak er ei langt betre løysing og ein vil med det ta vare på meir av den originale konstruksjonen. Alternativt teglpanner eller dropeskifer. Godt tiltak.

Tilrår kr 30.000,-

## 06. Jordkjellar på Krossøy

---

**Kommune:** Austrheim

**Eigar:** Ludvig Korsøen,  
Hordnesveien 80,  
5244 Fana, (etter fullm.)

**Kostnad:** 199.000

**Søknadssum:** 30.000

**Tilråding:** 20.000

---

### Kulturminne

Jordkjellar Krossøy

Krossøy er eit viktig område med høg kulturhistorisk verdi. Her er det eit freda naustmiljø med 10 grindbygg og eit gardsmuseum med smie og æse. Årleg skipar grendalaget til tiltak på staden i samband med Kystsogevekene.

Kjellaren er truleg frå 16-1700 talet. Eksakt kor gamal veit ein ikkje, men då bruket vart teken over av ny eigar i 1860-åra, var kjellaren ikkje i bruk. Det er ei utkraga innerkonstruksjon som er intakt. Mellom indre mur og ytre mur er det jord som tener som isolasjon.

### Tiltak

Demontering, deretter tilbakeføring av delar av yttermuren. Topphellene er tatt ned og må setjast opp att når arbeidet med muren og jordlaget er ferdig. Oppmuring av ljore og tetting med never rundt ljoren. Innsetjing av kilar og skorder.

### Tilråding

Det er vanskeleg å kostnadsrekne dette tiltaket. Arbeid med utbetring av tørrmur let seg nesten aldri budsjettere eksakt. Å leggje stein på stein er eit krevjande arbeid der ein må prøve og feile inntill ein finn den rette brikka i puslespelet. Søknaden er eksemplarisk og likeeins innsatsen frå grendalaget og tiltakshavar. Kommunen har støtta tiltaket med kr.10.000.

Tilrår: Kr 20.000



## 07. Bygård,

---

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Øvre Korskirkealmenning 1. A/S  
Øvre Korskirkealmenning 1,  
5017 Bergen

**Kostnad:** 700.000

**Søknadssum:** 500.000

**Tilråding:** 30.000

---

### **Kulturminne**

Hovudhuset frå 1702 er oppført etter storbrannen same året. Mellomhuset frå 1890/1910. Nyklassisisme.

Bygningen er oppført som et stein og murbygg. Yttervegger er bygd av kleberstein og gråstein og er pussa med mørtel. På hjørna er det synleg kleberstein frå Alrekstad kongsgard. Deler av den pussa fasaden har ornament. Vart oppført som bustad for presten i Domkirken. Seinare vart bustaden omgjort til aldersheim. I 1982 var huset overteke av private eigarar.

### **Tiltak**

Det oppstår sprekker i fasaden. I følge eigar skuldast dette trafikken i gata og endringar i grunntilhøva. Taket har sige og deler forskyvast. Dette har ført til at takstein og beslag flyttar på seg. Difor har det blitt lekkasje i bygningen, og i pipene er det kome sprekkar. Fasadeveggen må skrapast ned, slik at lause element fjernast. Vidare må murar fyller nye mørtel- og tetningsmassar i skada område.

På taket må skada takstein, beslag, lekter og strø fjernast. Eksisterende pipe må fjernast, deler av pipa har falle ut. Pipa må byggjast opp att.

### **Tilråding**

Svært eksponert i historisk viktig gateløp/bylandskap.

Tilrår: Kr 30.000,-





## 08. Bustadhus Dragefjellstrappen, 4

---

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Kathe Johannesen,  
Dragefjellstrappen 4.

**Kostnad:** 502.238

**Søknadssum:** 50.000

**Tilråding:** 10.000

---

### **Kulturminne**

Dragefjellstrappen4, gnr 164/bnr 104

Bygningen ligg like nedafor Dragefjellet i et helheitleg bygningsmiljø av trehus frå slutten av 1800-tallet.

Eigedomen vart utbygd allereie på 1700-talet, men ut frå kartopplysningar meiner Byantikvaren at huset blei reven og erstatta med to nye hus i 1898. Fasader med mykje av det autentiske bevart.

### **Tiltak**

Eigar ønskjer å tilbakeføre til kopla vindauge(og kopi av den originale gatedøra). Ho ønskjer i denne omgang å starte arbeidet på fasadane mot trappen og smauet på nedsida av huset.

### **Tilråding**

Viktig tiltak i eksponert historisk gateløp/bylandskap. Godt dokumentert søknad

Tilrår: Kr 10.000,-



## 09. Passasjer, post og konduktørvogn

---

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Osbanens Venner, Postboks 87,  
Fana, 5859 Bergen

**Kostnad:** 1.215.000

**Søknadssum:** 100.000

---

### **Kulturminne**

Passasjer, post og konduktørvogn- Ikkje fast kulturminne

### **Tiltak**

Oppgradering av postvogn

### **Tilråding**

Objektet er ikkje eit fast kulturminne og vert ikkje omfatta av tilskotsordninga.



## 10. Rådal Stasjon

---

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Nesttun- Osbanen A/S,  
Postboks 8, Fana  
5859 Bergen

**Kostnad:** 75.000

**Søknadssum:** 75.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Rådal stasjonsbygning

Til opninga av Nesttun-Osbanen i 1894 vart det oppført fire like stasjonsbygningar på Rådal, Stend, Kalandseid og Ulven. Rådal stasjon vart eit naturleg sentrum for områda rundt Rådalen, og i stasjonsbygningen vart det seinare postkontor.

Stasjonsbygningen i Rådalen fungerte som kombinert stasjonsbygning med ekspedisjon og venterom, og bustad for banevoktaren og hans familie.

Stasjonsbygningen vart etter at banen vart nedlagt, seld til baneformannen, Elias Skage. I 1954 vart stasjonen seld vidare til Johan Fyrstenberg Fleten. Nesttun-Osbanen AS overtok i 2009.

### **Tiltak**

For å ta vare på den gamle stasjonsbygningen må det gamle røyranlegget og el. anlegget oppjusterast.

I tillegg må tak, renner, nedlaup og drenering utbetrast.

### **Tilråding**

Det vert søkt om oppgradering av røyr og el anlegg samt vanleg vedlikehald. Vern og vøling midlane skal primært gå til istandsetting og restaurering, ikkje til oppgradering og vanleg vedlikehald.

Tilrår: Avslag.

## 11.Områder på Øvsttun, restar av steingardar

---

**Kommune:** Bergen

**Eigar/ søker:** Øvsttun velforening,  
Solåsen 53a,  
5223 Nesttun

**Kostnad:** 57.000

**Søknadssum:** 39.000

**Tilråding:** 10.000

---

### **Kulturminne**

Restar etter gamle steingardar ved det gamle vasstårnet på Øvsttunåsen. Del av kommunalt friområde.

### **Tiltak**

Restaurering og kartlegging av steigardar i området

### **Tilråding**

Eit fint tiltak. Sjølv om området ikkje er freda, kan det sjåast på som kursverksemd og oppbygging av kompetanse. Vil øymerke tilskotet til sjølve restaureringsarbeidet.

Tilrår Kr. 10.000.



## 12. Øvre Bleken gård, våningshus

---

**Kommune:** Bergen

**Eigar:** Bergens skog-og trøplantnings-  
selskap,  
Postboks 116, Sandviken,  
5812 Bergen

**Kostnad:** 130.000

**Søknadssum:** 130.000

**Tilråding:** 40.000

---

### **Kulturminne**

Våningshus frå 1770 med mur i første etasje og bindingsverk i gavlen.

### **Tiltak**

Innvendig rehabilitering for ny bruk. Lister, dører (heiltre), innervindaug og nytt kjøkken.

### **Tilråding**

Tiltaket vil gjere bygninga meir offentleg tilgjengeleg og det er lagt vekt på at det skal nyttast tradisjonelle materialar og handverksteknikkar.

Tilrår Kr 40.000,-



### 13. Våningshus, Foldrøyhamn

---

**Kommune:** Bømlo

**Eigar:** Herman Folgerø, Foldrøyhamn,  
5428 Foldrøyhamn

**Kostnad:** 226.853

**Søknadssum:** 45.000

**Tilråding:** 20.000

---

#### **Kulturminne**

Gjestgjeverstad frå 1696. Foldrøyhamn var kjend for sin gode hamn. Ei viktig losjiplass for sjøfarande.

#### **Tiltak**

- utarbeiding av restaureringsplan
- reparasjon av murar i framkant mot sjø
- fjerning av jord og steinmassar mot bygninga si eine langside.
- erstatning av gråsteinsmur i nedre del på same langside.
- fjerning av råteskada endar og innskøyting av nytt bolverk som ligg på tvers av lengderetninga på bygget.
- jekking på delar av bolverket.
- bytting av skada bolverk som går i lengeretninga til bygninga.

#### **Tilråding**

Viktig tiltak for å sikre kulturminne. Ein god søknad med fotodokumentasjon og spesifisert kostnadsoverslag.

Tilrår: Kr 20.000,-



#### 14. Kalkomn, tilverksbygg, Mosterhamn

---

**Kommune:** Bømlo

**Eigar:** Kåre Johan Hilt, Mostravegen 583  
5440 Mosterhamn

**Kostnad:** 20.000

**Søknadssum:** 20.000

**Tilråding:** 10.000

---

#### **Kulturminne**

Kalkomn frå 1890 like ved det gamle kalkbruddet som i dag er Moster amfi. Omnen er ein naturleg del av steinriket Bømlo.

#### **Tiltak**

Reparasjon, tetting og istandsetting av tak. Utsifting av dårleg teglstein. Området kring sløysa lyt opnast og nedsigen stein fjernast.

#### **Tilråding:**

Omnen vart vøla i 1991. det vart då nytta malmrik tømmer. Om ein ser bort frå dei nemde skadane er omnen i god stand. Eit viktig tiltak som kjem ålmenta til gode.

Tilrår: Kr: 10.000



## 15. Fritidsbustad, «kasjotten»

---

**Kommune:** Etne

**Eigar:** Tora og Johne Lilledal, Mosdalen,  
5590 Etne

**Kostnad:** 751.250

**Søknadssum:** 375.000

**Tilråding:** 30.000

---

### **Kulturminne**

Iflg kulturminneregistreringar er dette ein bygning frå 1851 som har vore formannsbustad for Bjellands hermetikkfabrikk. Seinare vart det arbeidarbustad.

Huset skal og ha vore nytta som tinghus og arrest.

### **Tiltak**

Reparasjon og istandsetting av tømmer, bjelkelag, golvbord og bindingsverk i gavl. I tillegg skal sperr og sutak skiftast, samt tilbakeføring av vindaug til original type. Det blir og søkt om innsetting av ny pipe.

### **Tilråding**

Viktig del av gateløp og eldre trehusmiljø sentralt i Skånevik.

Tilrår: Kr 30.000,-



## 16. Ungdomshuset Fjellheim

---



**Kommune:** Fjell

**Eigar:** John Kjell Fjell, Skjendalen 1.  
5357 Fjell

**Kostnad:** 252.984

**Søknadssum:** 100.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Ungdomshus frå 1928.

### **Tiltak**

Reparasjon av råteskade i syllstokk og i kiste.

### **Tilråding**

Viktig tiltak på viktig kulturminne, men lite midlar til fordeling. Vi oppmodar eigar om å søkje på nytt.

Tilråd: Avslag



## 17. Knarrevikløa

---

**Kommune:** Fjell

**Eigar:** Stiftinga Knarrevikløa,  
v/ Oddleiv A. Humlestøl,  
Porsvegen, 5355 Knarrevik

**Kostnad:** 470.000

**Søknadssum:** 41.388

**Tilråding:** 40.000

---

### **Kulturminne**

Løbygning/stall og grisefjøs i tre etasjar frå 1916 teikna av arkitekt Oscar Schou. Løa høyrde til Den Norske Superfosfatfabrikk AS Knarrevik.

### **Tiltak**

Søker om midlar til å dekke utgiftene med å tette tak.

### **Tilråding**

Viktig industriminne i pressområde. Knarrevikløa representerer industrihistoria både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Tilrår: Kr 40.000,-



## 18. Naust med slipp, Engevikhavn

---

**Kommune:** Fusa

**Eigar:** Marit Meidell Hjertholm, Freddy Hjertholm  
Skeisbotnen71B, 5217 Hagavik

**Kostnad:** 148.900

**Søknadssum:** 30.000

**Tilråding:** 20.000

---

### **Kulturminne**

Viktig sjøbruksmiljø frå byrjinga av 1800-talet. Engevik var ein handelsstad med ei verksemd som omfatta sal av hummar og sild, kornimport, gjestgjeveri og landhandel. Det er naustet på garden eigar søker midlar til. Naustet hadde opphavleg villheller, men desse vart demontert i slutten av 1950-talet eller først på 1960-talet, dette p.g.a. at bygningen vart skeiv av det tunge taket. Hellene vart då erstatta med eit tak av eternit, noko som var vanleg på den tida.

### **Tiltak**

Skifte ut eternittak med dråpeskifer.

### **Tilråding**

Viktig å fullføre dette arbeidet.

Tilrår: Kr 20.000



## 19. Glassbue, Håstabba

---

**Kommune:** Granvin

**Eigar:** Elin Maria Aarekol, Bergtun,  
5777 Grimo

**Kostnad:** 473.750

**Søknadssum:** 50.000

**Tilråding:** 30.000

---

### **Kulturminne**

Garden vart fråflytta for om lag 50 år sidan. Det står 4 bygningar på tunet, ei stove, ei løe og to buer. Dei to buene er eldst, med laftestokkar som kan vere frå 1600-talet.

### **Tiltak**

Istandsetting av tak, deler av kledning må skiftast, istandsetting av tre vindauge, istandsetting av tre dører, istandsetting av golv; nye bjelkar og undergolv, istandsetting av laft. Innsetting av enkelt kjøkken i gang.

### **Tilråding**

Bygninga skal settast i stand i tråd med antikvariske prinsipp for istandsetting og vil verte teken i bruk.

Tilrår: Kr 30.000



## 20. «Gamleløa» på Nes»

---

**Kommune:** Kvam

**Eigar:** Kåre Nes, Nernesvegen 34,  
5632 Omastrand

**Kostnad:** 692.000

**Søknadssum:** 70.000

**Tilråding:** 50.000

---

### **Kulturminne**

Grindløe fra 1900 som m.a. inneheld ein fjøs i sjeldan kubbekonstruksjon.

### **Tiltak**

Forsterking og omlegging av farlig helletak.

### **Tilråding**

Eit viktig kulturminne og viktig tiltak i verneverdig gardsmiljø.

Tilrår: Kr 50.000,-



## 21. Hovedbygning, klyngetun på Nes

---

**Kommune:** Kvam

**Eigar:** Geirmund Nes,  
Hardangerfjordvegen 321,

**Kostnad:** 3.300.000

**Søknadssum:** 250.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Lemstove frå 17 og 1800 – talet i verneverdig gardsmiljø i drift.

### **Tiltak**

Gjennomføring av restaureringsfagleg undervisningsprogram i regi av Vestnorsk Kulturakademi på Voss. Gjenreising av hovedbygningen i klyngetunet på Nes.

### **Tilråding**

Viktig kulturminne og godt tiltak. Stor projektkostnad og søknadsum. Lite midlar til fordeling. Eigar bør og søkje Norsk Kulturminnefond.

Tilrår: Avslag



## 22. Eikelidhuset, Kvam bygdemuseum

---

**Kommune:** Kvam

**Eigar:** Bydgagnist, Storeteigen 20,  
5610 Øystese

**Kostnad:** 650.000

**Søknadssum:** 50.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Lemstove med øksa tømmer, oppført på Kvam bygdemuseum omkring 1850.

### **Tiltak**

Grøfting og drenering, tømrararbeid, isolering, montering av nye vindauge, etablere kjøken/bad, elektrikerarbeid, sanitærarbeid, nye avløp, frostsikring med meir. Oppgradering.

### **Tilråding**

Det vert søkt om oppgradering. Midlane skal primært gå til restaurering og istandsetting, ikkje til oppgradering.

Tilrår: Avslag.



### 23. Husmannsplassen «Stykkjet»

---

**Kommune:** Kvam

**Eigar:** Liv Helena Skeie Rubico,  
Steinsdalsvegen 301

**Kostnad:** 80.250

**Søknadssum:** 40.000

**Tilråding:** 20.000

---

#### **Kulturminne**

Samanbygd husmannsplass med gamal, tømra røykstove truleg frå før 1787 samanbygd med løe frå 1787. Lemstove påbygd etter 1850.

#### **Tiltak**

Istandsetting av fundament og bjelkar under golvet i den gamle røykstova. Oppjekking for å rette opp tørrmurar og golv. Utskifting av nokre bjelkar.

#### **Tilråding**

Det har i tidlegare tider funnest mange slike samanbygde anlegg i bygdene, men i dag er det få att av dei. Viktig bygningshistorisk anlegg som er godt synleg i kulturlandskapet.

Tilrår: Kr 20.000





## 24. Naust i Askestøa

---

**Kommune:** Kvinnherad  
**Eigar:** Terje Øhlander Ask,  
Hamnavegen 7

**Kostnad:** 405.300  
**Søknadssum:** 300.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Nytt lafta naust på restar av tørrmur frå omkring 1750.

### **Tiltak**

Tilskot skal dekke materialkostnader og gjenreising av naustet.

### **Tilråding**

Prosjektet er ferdig gjennomført .

Tilrår: Avslag.



## 25. Røykstove, Øyre

---

**Kommune:** Kvinnherad

**Eigar:** Magne Øyre, Neslia 2,  
5470 Rosendal

**Kostnad:** 185.000

**Søknadssum:** 25.000

**Tilråding:** 20.000

---

### **Kulturminne**

Eldre rundtømra røykstove, truleg frå 1624, årstal og initialar skore i tverrbete.

### **Tiltak**

Utbedring av mit-, råteskadar og taklekkasjar og legge inn nye sperr og sutak. Utskifting av delar av golv og innvendig vegg-/takledning som er råteskada.

### **Tilråding**

Viktig tiltak på viktig kulturminne.

Tilrår: Kr 20.000,-



## 26. «Den trondhjemske Postvei»

---

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** Anders Konglevoll

Lindåsvegen 1691, 5970 Hundvin

**Kostnad:** 60.800

**Søknadssum:** 50.000

**Tilråding:** 10.000

---

### **Kulturminne**

Postvegen Bergen – Lindås

### **Tiltak**

Vedlikehold av delar av postvegen på Hundvin. Rydding av tre og røter. Grøfting av sidegrøfter med lita gravemaskin, tilkøyre grus og masse samt drenering. Legge på duk på dei våtaste plassene under gruslaget.

### **Tilråding**

Postvegane er viktige kulturminne som har stor bruksverdi for ålmenta også i dag. Strekninga Hundvin – Vågseidet er i nasjonal verneplan for vegar føreslege freda.

Tilrår: Kr 10.000,-



**27. Smie, gardflor, uteflor,  
Hetlehovde**

---

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** : Anders Konglevoll  
Lindåsvegen 169, 5970 Hundvin

**Kostnad:** 23.900

**Søknadssum:** 20.000

**Tilråding:** Avslag

---

**Kulturminne**

Smia/gardflore vart oppattbygd omkring 1990. Den har to lafta- og to murte vegger og torvtak. Ligger like ved "Den Trondhjemske Postvei"

**Tiltak**

Vindskier, laftekrokar og torvhaldstokk må skiftast. Golvet inne skal fyllast på og justerast.

**Tilråding**

Bygget er nytt og fungerer som rastebu. Låg kulturminneverdi.

Tilrår: Avslag.



## 28. Sveitserhuset til Aslaug Låstad Lygre

---

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** Inger Johanne Lygre Øvstegård,  
Dordihaugen 6, 5955 Lindås.

**Kostnad:** 246.000

**Søknadssum:** 40.000

**Tilråding:** 40.000

---

### **Kulturminne**

Lensmannshus i sveitserstil frå 1895 med rikt utskårne ornament/ detaljar.

Forfatterinna Aslaug Låstad Lygre hadde i mange år heimen og arbeidstaden sin her.

### **Tiltak**

Utbetring av store råteskadar og utskifting av dei berande søylene (og pga. råteskadar).

### **Tilråding**

Eit av dei best bevarte sveitserhusa i Hordaland, har historisk verdi som diktarbustad og blir brukt i formidling.

Tilrår: Kr 40.000



## 29. Naust, grindbygd, Nedre Veland

---

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** Astrid Sirnes, Inga Hilde Breivik  
Fløenbakken 37, 5009 Bergen

**Kostnad:** 91.875

**Søknadssum:** 80.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Det grindbygde naustet står i ei naust-rekkje med åtte andre naust på Nedre Veland og er, iflg munnlege kjelder, eit av dei eldste nausta i Timmervikja reist 1836.

### **Tiltak**

Skifte råteskadde stavar, stavlegje og sperr, vindskier og hjørnekasser. Skifte ut dårlege teglpanner med nye "brukte".

### **Tilråding**

Arbeidet ferdig utført.

Tilrår: Avslag.

Ingen foto

**30. Steingard, lafta naust, utløe,  
kulturveggar**

---

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** Jan Ivar Johannessen,  
Sandviksvegen 156  
5915 Hjelmås

**Kostnad:** 250.000

**Søknadssum:** 250.000

**Tilråding:** Avslag

---

**Kulturminne**

Steingardar, lafta naust, utløe og kulturveggar som, iflg eigar skal vere frå 1500 – 1800 - talet. Manglar vidare opplysningar i søknad.

**Tiltak**

Istandsetting av steingardar, lafta naust, utløe og kulturveggar. Manglar vidare opplysningar i søknad.

**Tilråding**

Manglar foto, utgreiing av prosjekt og kostnadsoverslag frå handverkar.

Tilrår: Avslag.



### 31. Sjøbu, trelastlager, Litlebergen

---

**Kommune:** Meland

**Eigar:** Kristine Fluge, Haakon Aase,  
Litlebergen 29, 5918 Frekhaug

**Kostnad:** 890.000

**Søknadssum:** 40.000

**Tilråding:** 15.000

---

#### **Kulturminne**

Større næringsbygg frå 1919 i Litlebergen. Sjøbu og trelastlager frå 1919. Bygninga er i tre etasjar og er bygd i bindingsverk med rotkne.

#### **Tiltak**

Fullføring av vøl og fornying av golv samt kopiering og montering av vindauge.

#### **Tilråding**

Godt tiltak i eit viktig kulturmiljø under sterkt press.

Tilrår: Kr 15.000,-





### 32. Uteflor, Myrtveit

---

**Kommune:** Meland

**Eigar:** Anni Hågøy,  
Haukelandsbakken 22B,  
5009 Bergen

**Kostnad:** 145.331

**Søknadssum:** 25.000

**Tilråding:** Avslag

---

#### **Kulturminne**

Uteflor i tørrmur med takkonstruksjon i tre.

#### **Tiltak**

Istandsetting av takkonstruksjon i tre; dvs utskifting av ramme, sperr, kledning, hanebjelkar og lekter. Det skal nyttast teglpanner til taktekking.

#### **Tilråding**

Godt tiltak, men lite midlar til fordeling.

Tilrår: Avslag.



### 33. Gaustad skule

---

**Kommune:** Meland

**Eigar:** Nordre Austebygd velforening,  
v/ Rune Skår  
5918 Frekhaug

**Kostnad:** 231.000

**Søknadssum:** 144.000

**Tilråding:** 38.000

---

#### **Kulturminne**

Laftet skule, påbygg i bindingsverk. Påbygget er også fra 1913.

#### **Tiltak**

Istandsetting av skorstein, omn, tak over gang, golv i gang, samt kopiering og montering av vindauge.

#### **Tilråding**

Godt tiltak som kjem ålmenta til gode.

Tilrår: Kr 38.000,-



### 34. Løe,

---

**Kommune:** Modalen

**Eigar:** Sigrun Dale, Modalen 12,

**Kostnad:** 635.000

**Søknadssum:** 100.000

**Tilråding:** 20.000

---

#### **Kulturminne**

Løe frå 1925 i grindverkskonstruksjon. Florane er murt i uvanleg forseggjort utføring med bearbeidd/hoggen stein.

#### **Tiltak**

Taket på løa og floren er i dårleg stand og det må skiftast både sperr, sutak, lekter og reker. På floren skal skiferen takast av og leggest opp igjen samt supplere med ny stein der den gamle er dårleg. På løa skal betongpannene erstattast med plater.

Floren skal på sikt nyttast til kafé/kurslokale/tradisjonsmatproduksjon.

#### **Tilråding**

Flott tiltak på godt synleg kulturminne i Mo sentrum. Høg formidlingsverdi og planar for bruk.

Tilrår: Kr 20.000,-

### 35. «Løe på Eide»

---

**Kommune:** Odda

**Eigar:** Torgils Eide m.fl.  
Jordalsvegen 10, 5070 Odda

**Kostnad:** 430.000

**Søknadssum:** 215.000

**Tilråding:** Avslag

---

#### **Kulturminne**

Løe bygd i to trinn:

- trinn 1: 1800 tal? av grindverk med skifertak. Firkantskifer. Grunnmur i gråstein

- trinn 2: 1800/1900 skifte? Bjelkekonstruksjon. Skifertak. Firkantskifer. Grunnmur i gråstein.

#### **Tiltak**

Tilskotet skal nyttast til å ta av skiferen på taket utbedre treverk og montere tilbake skiferen. Taket har i fleire år hatt problem med at feste for skiferhellene losnar slik at hellene glir litt ned og gir opning for lekkasjar. Sløysene er også modne for utskifting. Dette vil før eller sidan føre til roteproblemer på eksisterande konstruksjonar.

Tanken er å ta av alle hellene, legge nytt isolert tak oppå eksisterande reisverk ("takstolar"), legge nye sløysar og andre beslag og montere hellene igjen.

#### **Tilråding**

Godt tiltak, men lite midlar til rådvelde.

Tilrår: Avslag.



### 36. Portalbygg Nord

---

**Kommune:** Odda

**Eigar:** Portal Eigedom, Odda A/S  
Røldalsvegen 35,

**Kostnad:** 474.000

**Søknadssum:** 474.000

**Tilråding:** Avslag

---

#### **Kulturminne**

Administrasjonsbygg i to etasjar reist for North Western Cyanamid Company Ltd i 1908 teikna av Bergensarkitekten Sigurd Lunde.

#### **Tiltak**

Restaurering av vindauge inkl demontering, trearbeid, kitting og reststaurerings-glass., malingsarbeid vindauge, kopi av gamal dør i vestfasade.

#### **Tilråding**

Godt tiltak, men lite midlar til fordeling. Vern og vølings midlar går primært til istandsetting og ikkje til rekonstruksjon.

Tilrår: Avslag.



### **37. Hovedlageret, bygg 25, smelteverkstomta, Odda**

---

**Kommune:** Odda

**Eigar:** Høyer Odda A/S Postboks 153

**Kostnad:** 2.570.000

**Søknadssum:** 30.000

**Tilråding:** Avslag

---

#### **Kulturminne**

Hovedlager for The Sun Gas Company, skifta seinare namn til Alby United Carbide Factories Ltd. Ferdigstilt i 1908. Huset, som er teikna av den svenske arkitekt Pehrman, er bygd i engelsk byggestil med klassiske teglsteinsdetaljar. Tekt med skifer frå Sollesnes i Jondal.

#### **Tiltak**

Installere sprinklaranlegg.

#### **Tilråding**

Viktig tiltak på viktig kulturminne, men lite midlar til rådvelde. Vi gjev ikke midlar til sprinklaranlegg i år.

Tilrår: Avslag



### **38. Hovedlageret, bygg 25, smelteverkstomta, Odda**

---

**Kommune:**

**Eigar:** Høyer Odda A/S Postboks 153

**Kostnad:** 540.000

**Søknadssum:** 180.000

**Tilråding:** 30.000

---

#### **Kulturminne**

Hovedlager for The Sun Gas Company, skifta seinare namn til Alby United Carbide Factories Ltd. Ferdigstilt i 1908. Huset, som er teikna av den svenske arkitekt Pehrman, er bygd i engelsk byggestil med klassiske teglsteinsdetaljar. Tekt med skifer frå Sollesnes i Jondal.

#### **Tiltak**

Rehabilitering av tak; dvs skifte ut alle roteskadde bygningsdelar heilt ned til sperr.

#### **Tilråding**

Viktig tiltak på viktig kulturminne.

Tilrår: Kr 30.000,-



### **39. Hovedlageret, bygg 25, smelteverkstomta, Odde**

---

**Kommune:** Odde

**Eigar:** Høyre Odde A/S Postboks 153

**Kostnad:** 2.570.000

**Søknadssum:** 30.000

**Tilråding:** 25.000

---

#### **Kulturminne**

Hovedlager for The Sun Gas Company, skifta seinare namn til Alby United Carbide Factories Ltd. Ferdigstilt i 1908. Huset, som er teikna av den svenske arkitekt Pehrman, er bygd i engelsk byggestil med klassiske teglsteinsdetaljar. Tekt med skifer frå Sollesnes i Jondal.

#### **Tiltak**

Rehabilitering av fasade og vindauge. Laus og skada murstein skal skiftast ut. Rehabilitering av vindauge i tråd med prinsipp for antikvarisk istandsetting.

#### **Tilråding**

Viktig tiltak på viktig kulturminne.

Tilrår: Kr 25.000,-





#### 40. Klokketårn, stabbur, Lyse kloster

---

**Kommune:** Os

**Eigar:** Christa H. von Erpecom,  
Lyseklosterveien 435  
5215Llysekloster

**Kostnad:** 151.000

**Søknadssum:** 30.000

**Tilråding:** 15.000

---

#### **Kulturminne**

Stabburet, som opphaveleg var to etasjer, vart flytta til hovedgarden frå eit underbruk i 1820, og er altså eldre enn det. Stabburet har vore nytta som bustad.

#### **Tiltak**

Restaurering av takoppbygg/klokketårn

#### **Tilråding**

Viktig kulturminne i viktig kulturhistorisk område.

Tilrår: Kr 15.000



## 41. Kvernhuset, Revheimsfossen

---

**Kommune:** Osterøy

**Eigar:** Jostein Josteinson Revheim,  
Revheim,  
5282 Lonevåg

**Kostnad:** 176.250

**Søknadssum:** 50.000

**Tilråding:** 10.000

---

### **Kulturminne**

Lafta kvernhus, uviss alder i større, eldre kvernhusmiljø.

### **Tiltak**

Rotne opplengjer på begge sider og beten må bytast, kledning og slok må tjørebreiaast, tetting av tak med nye sperr og sutak og heilsveist miljømembran, under torva. Montering av nye, smidde torvhaldskrokar av rundjarn, torvhaldskrokar av brake eller alfuru og ny kall. Ny luke til sloket og rydding av skog rundt dette kvernhuset og dei andre gamle murane.

### **Tilråding**

Viktig tiltak på godt synleg kulturminne i eldre kvernhusmiljø.

Tilrår: Kr 10.000



## 42. Jordkjellar, røykehus

---

**Kommune:** Osterøy

**Eigar:** Erling Kleiveland, Kleiveland,  
5284 Tyssebotnen

**Kostnad:** 34.000

**Søknadssum:** 15.000

**Tilråding:** 10.000

---

### **Kulturminne**

Kvadratisk murt jordkjellar, truleg frå tidleg på 1800-talet.  
Også brukt som røykehus for fisk og kjøt

### **Tiltak**

Restaurering av jordkjellar; murar, dør og karm. Taket må stemplast av med støtter.

### **Tilråding**

Godt tiltak. Få istandsette jordkjellarar på Osterøy. Viktig å ta vare på representantar av desse utanfor kjerneområdet til jordkjellarane.

Tilrår: Kr 10.000,-



### 43. Grindverksløe på Mjøs

---

**Kommune:** Radøy

**Eigar:** Mona Steiner Brekkan,  
Øvre Mjøs, 5939 Sletta

**Kostnad:** 1.184.788

**Søknadssum:** 80.000

**Tilråding:** Avslag

---

**Kulturminne:** Grindverksløe på Mjøs. 3 grinder med øksa stavar. Løe har påført årstalet 1808 på murveggen i sør, men truleg er delar av bygget frå 1700-talet.

Del av eit verneverdig gardstun. Eigar ønskjer å bruke løa i undervisnings-samanheng.

#### **Tiltak**

Omfattende restaurering/istandsetting av stor løe, også av fundament.

Fjerning av grantrær som øydelegg murveggene og fundamenta.

Drenering.

#### **Tilråding**

Viktig tiltak på viktig kulturminne, men stor kostnad, stor søknadsum og lite midlar til fordeling.

Tilrår: Avslag.

#### 44. Løe på Øvre Tveiten

---



**Kommune:** Radøy  
**Eigar:** Solveig Sævdal,  
Radøyvegen 1631, 5936 Manger  
**Kostnad:** 272.500  
**Søknadssum:** 40.000  
**Tilråding:** 20.000

---

#### **Kulturminne**

Eldre, lang grindløe med sidesvalar og vegger i tørrmur i vest og sør.

#### **Tiltak**

Demontering, refundamentering og oppattmuring av murverket i midtpartiet. Istandsetting av langveggen mot søraust.

#### **Tilråding**

Løa og våningshuset utgjør eit lite kulturmiljø som viser restar etter den eldre byggeskikken i Radøy. Høg formidlingsverdi då garden er mykje besøkt av skuleklassar mm.

Tilrår: Kr 20.000



#### 45. Løe på Kartveit

---

**Kommune:** Radøy

**Eigar:** Arne Nordeide, Radøyvgn. 1279  
5936 Manger

**Kostnad:** 190.000

**Søknadssum:** 35.000

**Tilråding:** Avslag

---

#### **Kulturminne**

Grindløe med tørrmursvegger, truleg frå 1800-talet

#### **Tiltak**

Istandsetting av løa slik ho står i dag. Oppretting av tak/sperr og legging av nytt bølgjeblekktak.

#### **Tilråding**

Godt tiltak, men lite midlar til fordeling.

Tilrår: Avslag.



#### 46. Stordø kisgruber, Heistårnet.

---

**Kommune:** Stord

**Eigar:** Venelaget for Gruo, Gruva 11,  
5415 Stord

**Kostnad:** 1.500.000

**Søknadssum:** 40.000

**Tilråding:** 30.000

---

#### **Kulturminne**

Heistårnet i armert betong er frå 1928. Viktig del av gruvemiljøet på Litlabø

#### **Tiltak**

Rehabilitering av heistårn; stoppe rust- og sprengingsprosessen i betongen.

#### **Tilråding**

Godt tiltak på viktig kulturminne.

Tilrår: Kr. 30.000,-



## 47. Leirvik Fyr, Maskinhuset

---

**Kommune:** Stord

**Eigar:** Stord kommune, Borggata 2

**Kostnad:** 114.375

**Søknadssum:** 91.875

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Maskinhus i bindingsverk på grunnmur av armert betong, oppført i 1939, for installasjon av ein elektrisk- og ein diselmotor for landets første nautofon (elektrisk tåkelur).

### **Tiltak**

Istandsetting av maskinhuset. Pulttaket i eternit skal skiftast ut med eit nytt tak med skifer. Nye takbjelkar må monterast for å tåle nytt tak. Ny dør og oppgradering.

### **Tilråding**

For mykje utskifting og oppgradering. Vern og vøl midlane skal primært gå til restaurering og istandsetting.

Tilrår: Avslag.





## 48. Naust på Føyno

---

**Kommune:** Stord

**Eigar:** Sigmund Føyen, Føyno 106  
5412 Stord

**Kostnad:** 191.570

**Søknadssum:** 90.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Grindbygd naust med trekledning, tidfesta til 1725-49 (iflg. bygningsvernplan)

### **Tiltak**

Istandsetting av tre vegger; aust, sør og vest, montere ny bordkledning. Skifte ut ein del roteskada stavar/spikerslag og felle inn ny alfuru i delar av grindverkskonstruksjonen. Ny todelt dør på austsida.

### **Tilråding**

Godt tiltak, men stor søknadssum og lite midlar til fordeling.

Tilråd: Avslag.

## 49. Steingard i Vidsteenparken

---

**Kommune:** Stord

**Eigar:** Stord kommune v/ venelaget for  
Parken, P 182, 5402 Stord

**Kostnad:** 130.000

**Søknadssum:** 20.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Tørrmurt steingard

### **Tiltak**

Demontering, flytting og oppsetting av steingard på ny plass i park, omkring 40 meter lang.

### **Tilråding**

Demontering og flytting av steingard vil forringe kulturminneverdien.

Tilrår: Avslag.



## 50. Årbakka handelsstad

---

**Kommune:** Tysnes

**Eigar:** Gunnar Onarheim,  
5694 Onarheim

**Kostnad:** 416.250

**Søknadssum:** 200.000

**Tilråding:** 50.000

---

### **Kulturminne**

Typisk handelstad frå siste halvdel av 1800-talet. Hovudhuset har to fulle etasjar og loft, liggjande bordkledning, saltak med vindeark tekt med rasteskifer.

### **Tiltak**

Istandsetting av tak.

### **Tilråding**

Viktig tiltak i eldre sjøbruksmiljø.

Tilrår: 50.000



## 51. Det gamle rekkjetunet, Uggdal

---

**Kommune:** Tysnes

**Eigar:** Åse Sunniva Søreide,  
Rekkjetunet, 5685 Uggdal

**Kostnad:** 2.200.000

**Søknadssum:** 1.200.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Eit av dei best bevarte rekkjetuna i Hordaland. Skykkje og stall er bygd saman, så følgjer stabburet og deretter våningshuset som er bygd saman med løe og flor.

Årstal 1599 på kjøkkenvegg.

### **Tiltak**

Vøling av tak og grunnmur på stabbur. Oppjekking og ny kledning på Vetlestova. Ny kledning og ny dør på løe. Sette i stand grunnmur på våningshus. Ny kledning på naust.

### **Tilråding**

HFK og Museumssenteret i Hordaland vil foreta dendrokronologisk undersøking for å forsøke å tidfeste bygningar/anlegg for å ev få tinglyst freding. Eigarane må få hjelp til å sette opp restaureringsplan og søknader.

Tilrår: Avslag.



## 52. Kvern ved Dalselva, Eldholm

---

**Kommune:** Tysnes

**Eigar:** Eldholm vel v/ Lindveig Kaldefoss  
5683 Reksteren

**Kostnad:** 263.500

**Søknadssum:** 263.500

**Tilråding:** 30.000

---

### **Kulturminne**

Tømra kvernhus med sinknov med skifer på taket, oppsett i 1903.

### **Tiltak**

Istandsetting av tak, golv, slok, kvernkall med lettetre, innreiing samt vøle av demning.

### **Tilråding**

Godt tiltak. Stor søknadssum, men arbeidet kan truleg gjerast etappevis. Viktig at arbeid vert igangsett for å hindre totalt forfall.

Tilrår: 30.000.



### 53. Gamlastova, Bekkjatun

---

**Kommune:** Ullensvang

**Eigar:** Magne Aasen, 5781 Lofthus

**Kostnad:** 237.000

**Søknadssum:** 80.000

**Tilråding:** 30.000

---

#### **Kulturminne**

Eldre røykstove som vart flytta frå garden Tveit til Bekkjatun i 1920. Ljoren vart då erstatta med jarnomn og pipe og torvtaket vart erstatta med helletak.

#### **Tiltak**

Eigaren ønskjer å reparere helletaket samt skifte kledning på gavlveggen. Taket skal demonterast og merkast. Roteskadar skal utbetrast. Skiferen på taket skal opp att.

#### **Tilråding**

Det er få att av tømmerstovene av denne typen i vårt distrikt og det er difor viktig å ta vare på dei representantane vi har. Tette tak er det viktigaste tiltaket for å ta vare på dei.

Tilrår: Kr 30.000



## 54. Naust, Syse

---

**Kommune:** Ulvik

**Eigar:** Espen Drønen Eide, Syse  
5730 Ulvik

**Kostnad:** 33.750

**Søknadssum:** 13.000

**Tilråding:** 7000

---

### **Kulturminne**

Naust i tørrmur med sperretak tekt med rasteheller.


### **Tiltak**

Istandsetting av helletak, reisverk og gavl. Skifte kledning

### **Tilråding**

Viktig tiltak på viktig kulturminne. Arbeidet skal gjerast av tradisjons-  
handverkar som vil bruke opphavleg metode vor vøling. Det skal  
Skjerast kledning som er lik den som er på naustet. Godt dokumentert tiltak.

Tilrår: Kr 7.000



## 55. Toskedalsstova

---

**Kommune:** Vaksdal

**Eigar:** Ragnar Trohjell, 5727 Stamnes

**Kostnad:** 1.201.500

**Søknadssum:** 100.000

**Tilskot 2013:** 100.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Material etter stove som vart demontert på 1950-talet. Materialane som utgjør ei nesten komplett stove, med unntak av syllstokkar som må skiftast, er datert med dendrokronologisk prøve til 1596.

### **Tiltak**

Tilskotet skal nyttast til gjenreising av Toskedalsstova i tunet.

### **Tilråding**

Godt tiltak, men stor søknadssum og for lite midlar til fordeling. Eigar søker og Norsk kulturminnefond om midlar. Hordaland fylkeskommune vil vere fagleg rådgjevar i prosjektet.

Tilrår: Avslag.





## 56. Songvehytta, Hedleberget

---

**Kommune:** Voss

**Eigar:** Interessegruppa for Hedleberget  
Langbrekk 7, 5706 Voss

**Kostnad:** 441.970

**Søknadssum:** 55.000

**Tilråding:** 20.000

---

### **Kulturminne**

Skantehytte reist i 1946 i samband med skiferbrudd og skifertilverking i Hedleberget.

### **Tiltak**

Hytta skal jekkast i rett posisjon og løftast. Drager i overgang til utbygg er knekt etter langvarig lekkasje og råteskade, denne må erstattast med tilsvarande material. Det som er råteskada skal byttast med tilsvarande materiale. Alt som er "brukbart" skal stå urørt. Vindauge og dører skal settast i stand av fagmann. Takskifer skal på plass igjen. Terreng rundt hytta skal justerast.

### **Tilråding**

Godt tiltak som kjem ålmenta til gode.

Tilrår: 20.000.



## 57. Løe på Løne

---

**Kommune:** Voss

**Eigar:** Geir Løne

Strandav. 593, Skulestamo

**Kostnad:** 1.595.000

**Søknadssum:** 650.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Tømra løe frå 1870 i tun med fleire inntakte bygningar frå same periode.

### **Tiltak**

Restaurering av løe til opphavleg form. Innreiing av sval, delen til inngang, kjøken og toalett.

### **Tilråding**

Søker om oppgradering og innreiing. Vern og vøl midlane skal primært gå til sikring, istandsetting og restaurering. Bør søkje på nytt og skilje mellom restaureringiltak og andre tiltak

Tilrår: Avslag.



## 58. Sævelid

---

**Kommune:** Voss

**Eigar:** Liv Berhoft Osa

Uranienborg terr.17, 0351 Oslo

**Kostnad:** 287.500

**Søknadssum:** 287.500

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Sævelid vart bygd som husvære og atelier for kunstmålaren Lars Osa i 1918. I 1970 overtok spelemannen Sigbjørn Berhoft Osa eigedomen og bygde då om slik at han fekk ein liten konsertsal med plass til om lag 60 menneske. Huset, som er i drakestil, vart teikna av Vossakunstnaren Magnus Dagestad.

### **Tiltak**

Skifte kledning.

### **Tilråding**

For stor søknadssum og for lite midlar til fordeling. Må få hjelp til restaureringsplan og søknadsskriving.

Tilrår: Avslag



## 59. Bergslitræet, Bustadhus

---

**Kommune:** Voss

**Eigar:** Stiftinga Bergsliminne

**Kostnad:** 330.000

**Søknadssum:** 250.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Barndomsheimen til Knud og Brynjulf Bergslien. Huset er reist i 1820 og er ei lemstove i to høgder med ark. Lemstove med sveitserpreg.

### **Tiltak**

Rehabilitering av andre etasje. Innreiingsarbeid og el. innstallasjon. Innvendig panel og restaurering av dører.

### **Tilråding**

Oppgradering og el. innstallasjon er ikkje prioritert frå vern og vøl midlane. Av tiltaka som er lista opp, er restaureringa av dørene tilskotsverdige. Dette tiltaket er ført opp saman med innvendig kledning, og det går ikkje fram av søknaden kor mykje restaureringa av dørene kjem på.

Tilrår: Avslag.



## 60. Hengjo på Hellesøy

---

**Kommune:** Øygarden

**Eigar:** Hengjos vener, v/ Terje Nilsen,  
Storhøyen 12, 5334 Hellesøy

**Kostnad:** 950.000

**Søknadssum:** 600.000

**Tilråding:** Avslag

---

### **Kulturminne**

Hengjo på Hellesøy er ei nothengje som vart bygd for å turke og reparere nøter på Hellesøy. Bygget står på pålar og er bardunert for å tåle vindpress. Det er ståande kledning på veggene og taket er tekt med bølgeblekk og asbest.

### **Tiltak**

Reparasjon av kaifront, trefundament, boltar og beslag, takrenner og snøfangarar samt utskifting av vindauge og malingsarbeid.

### **Tilråding**

For stor søknadssum og for lite midlar til fordeling. Oppmodar tilskotshavar om å søkje Norsk kulturminnefond om midlar

Tilråd: Avslag

